



TRACKSA

nORWAY

Nyhetsbrev 2. 2008

Våre samarbeidspartnalar



Steinar Fredheim
Senior rådgjevar

Innovasjon Norge Sogn Og Fjordane,

er ein svært viktig samarbeidspartner for Tracksa, Dei har vært med oss heilt frå starten.

Tracksa har stor nytte av kompetansen, finansieringsordningane og nettverket til Innovasjon Norge.

Seniørrådgjevar Steinar Fredheim ved IN, Sogn og Fjordane har gjort ein fantastisk jobb for Tracksa, og er ein viktig sparringpartnar for oss i mange ulike samanhengar. Steinar er svært løysingsorientert, og genuint interessert i Tracksa si utvikling.

Tracksa deltar i desse dagar på Innovasjon Norge si eksportsatsing, dette opplegget gjev oss svært mykje nyttig kunnskap og kontaktar, og vil gjere vår utanlandssatsing svært mykje lettare.

Den støtta vi har fått frå Innovasjon Norge betyr svært mykje for framdrifta i prosjektet vårt. Utan Innovasjon Norges store tru på prosjektet vårt hadde vi ikkje klart å realisere prosjektet.

Innovasjon Norge gjer ein svært viktig jobb for Gründere, ta kontakt om dere har ein god forretnings ide, det kan hende dei kan hjelpe dere i gang.

TRACKSA ER KOMPLETT...

Tracksa har tatt steget heilt ut og gjort systemet vårt til det beste og mest komplette varsling og lyssystem i verden!

Tracksa er i rivande utvikling og vi utviklar stadig nye løysingar for å gjere systemet vårt endå betre, og ikkje minst mest mulig komplett.

Ny Tavle

Tracksa har siste 6 mnd arbeid med ei løysing for varsling av teknisk, advarsel og svarflagg, dette arbeidet er no FERDIG!!!! og resultatet er ei LED Tavle for hovudpostering. Tavla er sjølvsgaht bygd rundt vår eigen racekontroll, er heilt trådlaus og blir drifta både av nettstrøm og batteridrift. Tavla gir opplysningar om kva bil det gjelder, og flagg, både grafisk og med tekst. Tavla er 2 x 1 meter

og er svært godt synleg opp til 150 meter.

Styringa av tavla er lagt inn i racekontroll, og skjer sjølvsgaht trådlaust.

Startlys!

For å gjere systemet 100 % komplett har vi sjølvsgaht også utvikla startlys, desse bygger på det internasjonale regelverket, og tener RØD lys når 5 sekunders skiltet er oppe. Alle lys blir sløkt når starten går. Faktadommar blir utstyrt med Rødsendar og kan rødlegge heile bana ved tjuvstart.

Blått lys !

For racing er no alle søylene utstyrt med blått lys, desse kan styrast med postsendarane.

Desse endringane gjer

systemet til det beste, sikraste og mest komplette i verden,



NY VERSJON AV TRACKSA RACEKONTROLL

Tracksa arbeider kontinuerlig med å forbetre våre produkt. I samband med at vi utviklar ein ny basesendar har vi gjort omfattande endringar i Racekontroll. Desse endringane er gjort for å auke brukarvennlig heita og sikkerheita, og for å få plass til styringa av vår utvikla tavle.

Vi har også gjort oppstarten mykje enklare, loggen er kraftig forbetra og designen på banekartet er mykje betre. Gled dere.....

